Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr. 7 | Herad: Kvinesdal

Emne: Skav | Bygdelag:

Oppskr. av: B. Åli | Gard:

(adresse): Kv. dal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Dei kyrne som hadde fått skav var blankare på „hårhammen" og betre istand til å klara ein lang fottur på fleire mil.

2 Hat ikkje høyrt at ei ku som hadde fått skav fekk svart kjøt. Dei bruka berre skav av gode treslag.

3 Har ikkje høyrt at mjølk på ei ku som hadde fått skav, var farleg for kalvar og smagrisar, men skav av ymse treslag t. d. hegg gav ram smak.

4. Til ein buskap på 4 kyr, skov dei to ryggkorger fulle. Om laurdagen skov dei til to mål så krøteret fekk skav om sundagen og. Ein buskap på 4 kyr utan skav svara til 5 kyr med skav. Dei skov til den femte, men då måtte ein ta til tidleg med skavinga.

5. Er svart på nr 16

9000

6 Har ikkje høyrt at skavstauen blei nytta til arbeid med bandstakar.

7. Dei gardane som ikkje hadde skavskog måtte kjøpa. Dei kjøpte rauna i skogteigen og hogg ut, eller dei kjøpte for lasset. Runne „tok seg sjølv tilrette". Rauna hadde "lite verd langt inne på heia.

8 Det er så lenge sidan her var sameigeskog at her er inge segner om det.

9 Her var ingen ålmenning skog i bygda

10 Husmennene hadde ikkje ~~lov~~ rett til å ta skavved i skogen. Dei fekk tilvist plassar dei kunne hogga - i bergufser eller langt frå folk.

11. Skavhella er ikkje kjend

12. Gardsnissen er ikkje kjend, ei fattig bygd utan fulle stabbur hadde ingen nissar.

9000